



Straume Byggkompetanse AS  
Smålonane 2  
5353 STRAUME

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1281 - 14/11608

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

23.10.2014

## Dispensasjonssak Gbnr 68/35 Askeland - markterrasse, terrengtrapp og sikringsgjerde- dispensasjon frå arealføremål LNF og byggefobod i strandsone - klagehandsaming - melding om vedtak

Klageaka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 15.10.14 der følgjande nytt vedtak vart fatta:

### **Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 080/2014**

#### **PLT - handsaming:**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **PLT - vedtak:**

Klagen vert delvis teke til følge. Vedtak i sak 043/2014 vert omgjort. Nytt vedtak i saka:

Det vert gjeve dispensasjon for oppføring av terrasse nr 1 på følgjande vilkår:

- 1.Terrassen skal plasserast sør for fritidsbustaden.**
- 2.Terrassen kan ha eit areal på inn til 35 kvm. Arealet skal reduserast i retning ut frå fritidsbustaden. Terrassen skal ikkje knyte saman fritidsbustaden og skuret.**
- 3.Terrassen skal plasserast i terrenget, og i hovudsak inn til 0,5 meter over terreng (markterrasse). Terrassen kan for mindre parti førast opp inn til 0,8 meter over terreng i samsvar med søknaden.**

4. Det kan ikkje førast opp rekkverk, levegg eller liknande i samband med terrassen.

Det vert gjeve dispensasjon for oppføring av markterrasse nr 2 på følgjande vilkår:

1. Terrassen skal plasserast nord og vest for fritidsbustaden

2. Terrassen kan ha eit areal på inn til 21 kvm.

3. Terrassen skal plasserast i terrenget, og inn til 0,5 meter over terreng (markterrasse).

4. Det kan ikkje førast opp rekkverk, levegg eller liknande i samband med terrassen.

Det vert gjeve dispensasjon for oppføring/tilbakeføring av terrengtrappe nr 2 på følgjande vilkår:

1. Trappen skal førast opp i tilknytning til terrasse nr 2. Trappen skal i utforming, storleik og plassering vere tilnærma lik opphavleg trapp. Mindre avvik er tillat.

2. Det kan ikkje førast opp rekkverk eller liknande i samband med trappene.

Det vert gjeve dispensasjon for oppføring av frittstående sikringsgjerde på følgjande vilkår:

1. Sikringsgjerde skal førast opp i skråning mot sjø og bare der det er naudsynt av omsyn til høgdeskilnad og tryggleik.

2. Gjerde skal utførast i "flettverksnetting" eller liknande, og i farge som er minst mogleg synleg i terrenget.

3. Gjerde skal ikkje plasserast til fortrengsel for ferdsle i strandsona.

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon for oppføring av terrengtrappe nr 1.

Grunngjevinga for denne delen av vedtaket er at det ikkje vert gjeve dispensasjon for den delen av terrassen som terrengtrapp nr 2 er knytt til.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33(2), jf. plan- og bygningslova § 19-2 og §§ 1-8 og 11-6.

Vedtaket er eit nytt enkeltvedtak som det kan klagast over.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit nytt enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Dispensasjonssak gbnr 68/35 Askeland - markterrasse, terrengtrapp og sikringsgjerde- dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone - klagehandsaming

### **Kopi til:**

Espen Gjelsvik og Sissel Nummedal	Salhusvegen 55	5131	NYBORG
Advokatfirmaet Raftevoll as	Heiane 2b	5131	NYBORG

### **Mottakarar:**

Straume Byggkompetanse AS	Smålonane 2	5353	STRAUME
---------------------------	-------------	------	---------